- Vaksenopplæring: Tilskot frå staten varierer frå år til år med endring i tal på elevar med rett og plikt til norskopplæring.
- Sal av 40 % logopedteneste til Molde kommune avslutta i september. Kjøp av 20 % logopedteneste innarbeida i budsjettet for 2016.
- Tøndergård skule: Ikkje bruk av fast plass vil gi refusjon (inntil 50%)
- Privat grunnskule: Kostnadene varierer med endring i talet på elevar med vedtak om spesialpedagogiske tiltak.
- Andre barnehagar: Kostnaden avheng av kor mange som har plass i privat barnehage.
- Ny person på plass frå 1.desember.

### Kostra 2014- skule og barnehage:





## Midsund skule

### Mål og oppgåver:

- Eit opplevd kvalitetstilbod innan opplæring, oppvekst og kultur
- Legge til rette for at barn og unge har eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og vilje til å ta ansvar
- Midsund kommune yter framtidsretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidarar

### Tal på elevar og tilsette ved skulen:

Elevtal ved Midsund skule:

	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
	158	157	174	168	154

Årsverk Midsund skule:

	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Sum tilsette:	25	25	25	25	24
Sum årsverk:	21,5	20,7	21,8	21,7	21,38

### Økonomisk ramme Midsund skule:

	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Midsund skule	15 842 446	16 343 000	17 237 000	17 237 000	17 237 000	17 237 000

### Kommentarar :

- Midsund skule har fullt ut innført valfag for alle trinna samt auka skuleveka for ungdomstrinnet med 30 min. pr. veke utan at dette er kompensert i auka budsjettramme på trass av at dette er sentrale føringar ein ikkje kjem utanom. Det vert løyst ved å ta timar som i utgangspunktet brukast i større grupper med behov for 2 lærarar i spesielt basisfaga og færre timar til norskopplæring av minoritetsspråklege elevar. Frå haust 2016 vert det reduksjon i 80-100% lærarstilling frå dagens nivå og 50% assistenstilling frå dagens nivå. Konsekvensen er i stor grad mindre muligheter til å legge til rette for god tilpassa opplæring og det er meir vanskeleg å løyse fråver ved å flytte ressursar internt. Dette må og sjåast i samanheng med kutt vikarposten.
- Lav lærartettleik. Tala for 2014/15 viser gjennomsnittleg lærartettleik i ordinær undervisning på 16,9. Tilsvarende gjennomsnitt for Møre og romsdal er 16,2.



- Ikkje teke høgde for nye behov for spesialundervisning og auka behov for assistent. Samstundes er det fleire nye sakkunnige under utredning som kan bety behov for ressursar ut over budsjett frå august 2015.
- Auke i spesialundervising i løpet av 2015. Dette er ikkje fullt ut kompensert i budsjett frå haust 2016
- Det er ikkje teke høgde for språkopplæring av nye framandspråklege elevar. Rammetimetalet til språkopplæring er kutta, og det vil vere minoritetsspråklege elevar som får færre timer norskopplæring enn dei burde hatt.
- Opplæringslova § 8-2 om inndeling av elevgrupper slår fast at; inndelinga «må ikkje være større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg». Dei tidlegare delingstala for elevgrupper vart oppheva i 2003 for å legge til rette for effektiv bruk av ressursar og større fleksibilitet for kvar skule. Då klassedelingstalet blei tatt ut av lova fatta Stortinget dette plenumsvedtaket: «Klassedelingstalet skal ligge til grunn som minstenivå for ressurstildeling også etter at bestemmelsen om klassedelingstalet er oppheva». Denne føresetnaden låg som premiss for lovbehandlinga. Dette inneber at etter §8-2 i opplæringslova skal skulane som minimum ha den ressursen dei tidligare delingstala tilseier, men at ressursen i større grad er knytta til skulen og ikkje kvar enkelt gruppe. Ein del fag krever delingstimar, t.d. kunst og handtverk, mat og helse, symjing, valfag, 2. framandspråk, språkleg fordjuping og arbeidslivsfag.
- Vikarutgifter er ytterligare redusert.
- Reduksjon i postar for undervisningsmateriell og inventar og utstyr. Regnskapet for 2014 og 2015 viser at behovet er større enn det er rom for i budsjettet. Dette går ut over fornying av lærebøker, ikkje fornying av gamle utdaterte datamaskiner m.m.

## Investeringar:

- Vidare oppgradering av skulebygget innvendig.
- Behov for nytt ventilasjonsanlegg.
- Ventilasjonsanlegg sløydsal.
- Fullføre oppgradering av uteområdet aust på tomta.
- Gjennomføre trafikkloysingsplaner aust (buss, bibliotek etc)
- Behov for oppgradering av inventar på spesialromma (sløydsal, naturfag, tekstil).

Stian Løken

Einingsleiar



## Raknes skule

**Visjon -** Trivsel, tryggleik og kunnskap

Hovudoppgåver. Grunnskuleopplæring, tilpassa norskopplæring for elevar med innvandrar-/flyktningbakgrunn, leksehjelp og SFO-tilbod 1. – 4. årssteg.

### Mål

- Godt arbeidsmiljø med fokus på fellesskap, trivsel og synleg leiing
- Eit godt arbeidsmiljø for å oppnå god kvalitet og gode resultat i undervisninga.
- Eit optimalt arbeidsmiljø med trivsel og engasjerte medarbeidarar.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal elevar	103	98	98	83	66	84
Enkeltvedtak	3	2	3	6	5	5
Framandspråk lærartimar	23	18	18	18	20	10
Årsverk lærarar inkl.admin	8.62	8.12	7.91	6.94	7.44	7.70
Årsverk assistent skule	1.16	2.23	1.92	2.63	2.21	2.88
Årsverk assistent SFO	0.42	0.67	0.67	0.67	0.52	0.74
Elevar med leksehjelp	17	18	18	25	23	23

### Økonomisk ramme:

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Raknes skule og SFO	7 260 723	7 770 000	8 422 000	8 422 000	8 422 000	8 422 000

### Kommentar budsjett og økonomiplan:

- Budsjett 2016 bygger på driftsnivå haust 2015, men justert med forventa lønns- og prisstigning.
- Auka lærarressurs, 100 % stilling frå 1. august 2016 (fem mnd. verknad) grunna to førsteklassar hausten 2016
- Auka assistentressurs i førsteklassane. 18t (42,72%) x 2 = 36 t = 85.44 %.
- Lærling frå 1.08.2015
- Krav til nedskjæring/kutt kr. 410 000,-,  
Kutta ei 14,24% assistentstilling 2820 SFO frå 1.01.2016 kr. 55.000  
Redusert rammetimer framandspråk med 38,46% stilling frå 1.01.2016 kr. 320.000  
Redusert 1105 undervisningsmateriell med kr. 20 000  
Redusert 1200 Inventar, utstyr og maskiner-kjøp kr. 15.000  
Skulle det komme barnefamiliar i samband med flyktningmottaket, må posten for rammetimar framandspråkundervisning aukast.



- Elevprognosar for Raknes skule.  
Etter tre år med nedgang i elevtalet opplever vi hausten 2015 ein auke i elevtalet igjen.  
Stort kull 1.klassinngar, 25 elevar fordelt på to klassar.  
Hausten 2016 begynner 26 førsteklassingar som gjev to nye førsteklassar.  
  
Viser seg at elevtalet går i treårssyklusar, tre år med auke for så tre år med nedgang.  
Då er vi oppe i 6. klassar (to parallellear i både 1. og 2. klasse) og då er skulen sprengt  
Vi har ikkje klasserom for meir ein seks klassar.  
Men slik tala ser ut for hausten 2017 blir det berre ein førsteklasse igjen, noko som avhjelper situasjonen.

Elevar i 1. klasse.

Førsteklassingar haust 2013	23
Førsteklassingar haust 2014	19
Førsteklassingar haust 2015 ( 2 klassar)	25
Førsteklassingar haust 2016 ( 2 klassar)	26

Jonas Storvik  
-einingsleiar-

## Midsund barnehage

Midsund barnehage er ein barnehage med 3 avdelingar, med totalt 54 plassar.

### Mål:

Brukarperspektiv;

Barnehagen skal organiserast etter lov, rammeplan og gjeldande forskrifter. Årsplana til barnehagen trekkjer dei store linjene ned til lokale forhold.

Barnehageplass til alle som har rett til det.

Medarbeidarperspektiv;

Midsund Kommune yter framtidsretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidrarar.

Dei tilsette i barnehagen er nøkkelen til å skape ein god barnehage, derfor vil regjeringa satse på å styrke kompetansen til alle yrkesgrupper i barnehagen.

Eit optimalt arbeidsmiljø med trivsel og engasjerte medarbeidrarar.

Økonomisk perspektiv;

Det å organisere drifta av barnehagen på best mulig måte ut frå dei økonomiske rammene som kommunestyret har tildelt barnehagen.

	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Tal på tilsette:	13	13	13
Tal på årsverk:	10	10,7	10,8
Tal på avdelingar:	3	3	3
Tal på barn:	43	45	44

### Økonomisk ramme:

	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Midsund barnehage	5 814 124	5 305 000	5 670 000	5 670 000	5 670 000	5 670 000

Budsjett 2016 er det lagt inn 40% assistent etter Opplæringslova og 40% assistent etter Barnehagelova tom august.

### Uffordringar:

Det er barn under utredning, midlar til auka bemanning er ikkje lagt inn i ramma.

Kutt i vikarbudsjettf ifht. budsjett 2015.

Nedgang i foreldrebetaling, grunna mykje utslag i søskenmoderasjon, inntektsgradert foreldrebetaling og gratis kjernetid på 20 timer pr. veke for 4 og 5 åringer –det og inntektsgradert.

Anita Bugge

Einingsleiar



## Gjerdet barnehage

### MÅL

Brukantar:

Retten til barnehageplass skal bli innfridd.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Medarbeidarar:

Midsund kommune yter framtidsretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidrarar.  
(Langtidsfrisk2009).

### Økonomi

Drifte barnehagen på best muleg måte ut frå dei økonomiske rammene kommunestyret har tildelt barnehagen i budsjett- og økonomiplanperioden.

	2013	2014	2015	2016
Tal på baser/avd.	5	5	5	5
Tal på plassar	84	84	90	90
Tal på barn	67	72	72/69	69
Tal på årsverk	15.6	15.6/16.6	16.6	16.6
Tal på tilsette	23/22	25	25/22	22
Årsverk spes.ped.	*0.4	*1.08	*1.08/0	1.2

\* I tillegg kjem 1.2 årsverk knytt til Regnbuen

Økonomisk ramme:

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Gjerdet barnehage	7 772 090	8 601 000	9 492 000	9 492 000	9 492 000	9 492 000

Endringar i driftsrammer for 2016 og i planperioden:

- Nye tiltak: Gjerdet barnehage 90 plassar fast frå barnehageåret 2015/2016.  
Prosjekt Regnbuen overført Gjerdet barnehage med 1.2 årsverk frå 2016.
- Reduksjon i inntekter. Årsak: Inga auke i foreldrebetaling. Nye moderasjonsordningar medfører inntektstap. Halve av plassane er småbarnsplassar (tell for 2).
- Kutttiltak: Kutt i vikarbudsjet.

Birgitta Hole  
Einingsleiar



## Midsund kulturskule

Vi ønskjer å kunne gje eit kulturskuletilbod til alle i Midsund, som ønskjer det. Kulturskulen skal vidareutviklast til eit lokalt ”ressurssenter”, for kulturfag, gjennom opplæring, oppleving og formidling innan fagområda dans, kunst, musikk og teater. Barn og unge er prioritert.

Rektor har 100% stilling, dei andre tilsette har stillingsprosentar frå 3,7- 50%. I tillegg kjøper vi danseinstruktør frå Operaen i Kristiansund tilsvarende om lag 25 % stilling. Instruktørar til tidsavgrensa kurs leigast også inn utanfrå, men desse kursa fører normalt ikkje til store utgifter for kommunen.

Elevplassar totalt: 157 faste plassar, fordelt på dans, ulike instrument, kor, korps og produksjonsteknikk. I tillegg har vi 23 elevar på tidsavgrensa kurs i visuell kunst og vaksengruppe i gitar. Om lag 32% av borna i grunnskulen er faste elevar i kulturskulen.

### Økonomisk ramme kulturskulen

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Midsund kulturskule	1 473 273	1 627 000	1 692 000	1 692 000	1 692 000	1 692 000

### Endringar i driftsramme for 2016 og utover i planperioden

- Ingen endringar i driftsramme for 2016 ligg inne.
- Ønskje om å opprette fast tilbod i drama frå hausten 2016: Netto utgift: 30 000,-
- Ønskje om ny lærar i fiolin/ Cello frå hausten 2016: 2 t per veke, utgift: 30 000,-
- Ønskje om fast tilbod i visuelle kunstfag frå våren 2016: Nettoutgift kr. 60 000,-.

Dei tre siste ønskja ikkje lagt inn i budsjettet for 2015. Dei kan ikkje realiserast utan at at vi auker inntektene i høve til det som er budsjettert. Utgifter til dette leggast inn i budsjettåra 2017 – 2019.

- Det er budsjettert med ei inntekt på 80000 i internsal frå kulturskulen til Midsund skule.
- Føresetnader for dette er at kulturskulen kan selje tenester til skulen. Skuleåret 2015/2016 har vi klassekorps i 5. klasse. Vi reknar med å kunne halde fram med dette.

Åshild Melkeraaen  
Rektor



## Helse- og omsorg

Tenesteområdet omfattar: Administrasjon, Legekontor, Helsestasjon, Jordmor, Helsesøster, Fysioterapi, Psykisk helse, Midsund sjukeheim, Heimesjukepleie, Butenesta, Aktivitetstilbod og Bukollektiv i Molde

Hovudmål:

Midsund helse- og omsorg på veg mot toppen med framtidsretta, motiverte og ansvarlige tilsette, som har verdiane gjestfridom, innovasjon, fokus på berekraftig forvaltning og sørvisinnstilling. Dette for å kunne sikre brukarane god kvalitet i tenesta.

Mål og oppgåver:

- Oppretthalde god kvalitet på alle helse- og omsorgstenester
- o gje gode, forutsigbare og trygge tenester
- Sikre at brukarane får rett hjelp til rett tid.
- o tidlegare utskriving frå sjukehus/behandlingsinstitusjonar moa som ein konsekvens av Samhandlingsreforma
- o starte ø-hjelpe døgnopphald frå 01.01.16
- Å kunne bu lengst muleg heime.
- o gje tilstrekkeleg med tenester heime, nødvendige hjelphemidlar, førebyggjande tiltak i heimane der det er muleg.
- o vurdere behovet og effekt av omsorgsbustad.
- Utarbeide omsorgsplan 2020 som også inneheld delplanar for :
- o Rehabilitering og habilitering, handlingsplan for vold i nære relasjoner, demens, rus og psykisk helse..
- Bruke kompetansemidlar frå Kompetanseløftet 2015.
- o formidle stipend frå Omsorgsløfte 2015 til tilsette som tek grunn- og/eller vidareutdanning.
- o Interne og eksterne kurs for å auke kompetanse
- Oppfølging i forhold til sjukefråvær- målet er å halda sjukefråværet under 6%.

Statistikk på bemanning på helse og omsorg

	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Tal på tilsette	112	126	135	136
Tal på årsverk	66,82	73,78	76,65	76,03

Økonomiske rammer helse og omsorg (nettoramme):

	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Helse- og omsorg adm	1 190 675	1 196 000	1 185 000	1 185 000	1 185 000	1 185 000
Helsetenester	9 807 947	6 947 000	8 137 000	8 137 000	8 137 000	8 137 000
Midsund sjukeheim	20 868 574	20 013 000	20 412 000	20 412 000	20 412 000	20 412 000
Heimetenenesta	9 408 490	9 432 000	9 803 000	9 803 000	9 803 000	9 803 000
Butenesta	11 916 568	11 901 000	11 147 000	11 147 000	11 147 000	11 147 000



## Kommentarer knytt til budsjett 2016

Etter første forslag til budsjett 2016 fekk Helse og omsorg eit samla oppdrag om å redusere nettoutgiftene med kr 1,450 mill. + 0,2 mill

Styrking av helsesøster-/skulehelsetenesta med ei 35% stilling. Har justert ambulansekostnader jfr. kostnadsfordeling frå Helseforetaket. Har lagt inn ei nyetablering i Butenesta og redusert kostnad knytt til prosjekt Regnbuen.

Justert opp stilling til hjelpemiddelansvarlig frå 1 dag annakvar veke til 1 dag kvar veke. Dette har samanheng med dei behov som gjelder heimebuande personar som treng hjelpemidlar for å kunne bu heime.

## Samla konklusjon

Dette budsjettforslaget fører ikkje til at nokon vert oppsagt.



Alle kutt/reduksjonar er krevjande. Innan området Helse og omsorg er det stort sett lovpålagte tenester, med unntak av dagsentret. Det gir lite eller ingen innsparing då det må aukast med personell i heimebasert omsorg.

Lovverket innan helse og omsorg gir ikkje klare reglar for kor stor og omfattande tenestene skal vere. Det som er sikkert er at kommunen er pliktig til å gje nødvendig helsehjelp til ein kvar tid, både til innbyggjarane og dei som oppheld seg i kommunen og at tenestene skal ha god fagleg kvalitet.

Utfordrande legevaktområde som dekkjer 3 øy-kommunar, her er det variasjons på kostnad kvart år. Gjer det vanskelig med budsjettering. Avklart kostnad med AMK sentralen.

Leif Arne Lagesen  
Einingsleiar

## Kostra 2014





## Helse og omsorg administrasjon

Statistikk:	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på tilsette	2	3	3	3	3
Tal på årsverk	1,25	1,25	1,26	1,26	1,26

### Økonomi:

	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Helse- og omsorg adm	1 190 675	1 196 000	1 185 000	1 185 000	1 185 000	1 185 000

Har lite korrigeringar. I hovudsak gjelder de største endringar knytt til lisensar. Bl.a. til Helsenett, Visma profil og MinVakt.

## Helsetenesta

Kommunelegekontor, Fysioterapi, Psykisk Helse, Jordmor og Helsesøster

Statistikk:	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på tilsette	12	11	12	12	13
Tal på årsverk	6,37	6,17	6,51	6,49	7,15

For 2016 er det auke på Helsesøster/skolehelsetjenesten med 35% og fysioterapi med 30%

### Økonomi:

	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Helsetenester	9 807 947	6 947 000	8 137 000	8 137 000	8 137 000	8 137 000

### Kommentarar

- Øyeblikkelig hjelp, døgnopphald: Har fått tildelt midlar tilsvarende 0,3 seng/år. Dei midlane skal brukast til å styrke personalressursen når nokon er inne
- Helsestasjonstjeneste: Har auka med 35% stilling, jfr. rammetilskotet/styrkingstiltak for styrking av skolehelsetenesta.
- Jordmerteneste: Ingen endringar. Her blir liggedøgn for fødande redusert i helseforetaket. Det kan betyr større behov for bistand ved heimkomst av jordmor/helsesøster.
- Kommunelegekontoret: Har lagt inn budsjett på legevakt og legesyss. Har fått avklaring på kostnadane pr. år. Har også fått avklaring på kostnad med AMK sentralen. Har levert over behov for opp gradering av møbler på legekontoret. Gjelder på venterommene, skranke, gynrom, behandlingsrom og legekontorane. Har ikkje midlar til å ta det i driften.
- Psykisk helse: Ingen endringa. Her er ligg det i ramme ei styrke på psykisk helse og Rus utan at det er sagt kor mykje det vil gje til kommunen. Men dette felte trenger å bli styrka. Har auka pasientgruppe innanfor psykisk helse..
- •Fysioterapi: Har lagt inn stilling med 30% kommunalt. Starta i august/september 2015.

### Planlagte investeringar:

- Har planlagt investering av møbler på helsesentret.



## Midsund sjukeheim

Sjukeheimen har til saman 26 plassar til langtidsopphald og 2 plassar korttidsopphald og institusjonskjøkken.

### Statistikk

Brukantar:	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på sjukeheimspllassar	28	26	26	26	26
Tall på korttidspllassar	2	2	2	2	2
Bemanning:					
Tal på tilsette	50	49	49	49	50
Tal på årsverk	30,88	29,59	29,65	29,66	29,66

### Økonomi:

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Midsund sjukeheim	20 868 574	20 013 000	20 412 000	20 412 000	20 412 000	20 412 000

### Kommentarar om avdelingane og bemanninga:

Start med ø-hjelpe døgnopphald frå 01.01.16. Der har Midsund kommune fått berekna 0,30 seng og fått tildelt økonomi på ramma til kommunen med kr. 484.000,-

**Solstua:** Skjerma avdeling for 10 personar med demens. 3 dagvakt og 2 på kveldsvakt heile veka.

**Havstua:** Somatisk avdeling med 10 personar. 2 av desse plassane er korttidsopphald der det skal gjevast habilitering/rehabilitering. Avdelinga har dei siste åra fått "tyngre" brukantar. Det medfører at fleire personar treng 2:1 bemanning i stell-situasjonar.

Bemanninga er 3 på dagvakt i vekedagar, 2 dagvakter på helg/høgtid og 2 på kveldsvakt heile veka.

**Fjellstua:** Somatisk avdeling med 8 personar.

Bemanninga er 2 på dagvakt og 2 på kveldsvakt heile veka.

**Natt:** Her er det 3 aktive nattevakter heile året.

Nattevaktene har ansvaret for 3 avdelingar på sjukeheimen, omsorgsbustadane (300 og 500 serien) samt alle som har tryggleiksalarmer (30 – 40 personar).

På Midsund sjukeheim har ein lagt inn budsjett i samsvar med rekneskap 2013. Har berekna vikarkostnad etter nettoprinsippet.

**Kjøkkenet:** Produserer mat til institusjonen og sel mat til personar som bur i omsorgsbustad eller i eigen bustad. Ei svært nødvendig teneste for mange personar. Har 3 dagvakter på vekedagar og 1 dagvakt på helg.

Har ikkje forventningar på noko endringar ved Midsund kjøkken.



## Heimebasert omsorg

### Statistikk

Brukantar:	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på tenestemottakarar	77	82	87	85	85
Heimehjelp	40	42	46	44	44
Dag-aktivitet for heimebuande med demens	3	3	4	4	5
Transportstøtte (transport til eldre og uføre*)	59	60	60	60	60
Tryggleksalarm	27	34	41	38	38
Aktivitetssenter	20	20	20	20	20
Multidoser	30	32	34	32	32

Bemannning:	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på tilsette	22	19	18	18	18
Tal på årsverk	13,77	11,47	12,01	12,02	12,12

\*Transportstøtte – tal på brukarar, sjå kommentarar side 40 om brutto driftsutgifter per tenestemottakar

\* Tall 2014 og 2015 er personar frå prosjekt 12 tatt med 1,04 st.

### Økonomi


	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Heimetenesta	9 408 490	9 432 000	9 803 000	9 803 000	9 803 000	9 803 000

**Heimebasert omsorg:.** Opprettheld bruken av Multidose og Dag plass for heimebuande personar med demens som er pålagt kommunane frå 1/1-2015. Denne tenestene blir gjennomført i samarbeid med Akslaaugen/Inn på tunet. For 2016 er det 5 plasser 5 dagar i veka. Vil vere steng 4 veker på sommaren.

Har demenskoordinator me 1 dag i veka til å organisere og følgje heimebuande personar med demens. Oppfølginga gjelder også kartlegging av behov, tilrettelegging for tenester og kommunikasjon med dei som gir tenester.

Har hjelphemiddelansvarlig i 10% st., 1 dag annenhver uke. Auka den til 20%, 1 dag i veka Ser at det her er større behov for hjelphemidla i heimen. Det skuldas bl.a. at ein kjem tidligare heim frå behandling i helseforetaka samt at ein både ønskjer og må væra heime lengre. Ser at vaktmeistertenesten aukar i kostnad med å leve/hente og installerer hjelphemidlar..

Aktivitetssenteret: Ingen endring.





## Butenesta

Statistikk Brukarar

	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på tenestemottakarar	7	9	10	11	11
Bemanning	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på tilsette	34	33	44	51	52
Tal på årsverk	19,78	18,98	25,68	27,22	25,84

### Økonomi:

	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Butenesta	11 916 568	11 901 000	11 147 000	11 147 000	11 147 000	11 147 000

**Prosjekt Regnbuen:** Har er det blitt redusert tenester frå aktiv natt til støttekontakt/avlastning.

**Myratun:** Opprettheld tenesta med 2:1 bemanning som ble starta hausten 2013. Har stort behov for å interne kurs for faglig styrke av personalet knytt til bruk av makt og tvang. Har mykje samarbeid med habiliteringstenesta. Har ei nyetablering frå august. 2016

**Bukollektiv i Molde:** Har ikkje lagt inn noko endringar.

Tilskott til særlig ressurskrevjande tenester: Har satt opp eige skjema for å beregne kostnaden for 2016 og refusjon rekna til i overkant av 11,5 million kroner.

**Avlastning/Støttekontakt:** Har ikkje gjort noko auke i denne posten.  
Dette er gode og lite kostnadskrevjande tenester.

**Aktivitetssenteret i Rakvågen:** I budsjettet bereknar en kjøp av bygningen.



## NAV- sosiale tenester

### Mål og oppgåver:

- NAV Midsund skal levere tenester av høg kvalitet til innbyggjarane i Midsund kommune, med høg grad av brukarmedverknad
- NAV Midsund skal ha kompetente medarbeidrarar og eit godt arbeidsmiljø der den enkelte får bruke sine ressursar og oppleve mestring i kvardagen.
- NAV Midsund skal til ei kvar tid ha kontroll og oversikt over økonomi.

### Bemanning:

3,5 årsverk, herav 1 kommunalt, 5 tilsette

### Økonomiske rammer NAV – sosiale tenester

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
NAV, sosialtenesta	1 790 237	1 720 000	1 893 000	1 893 000	1 893 000	1 893 000

Det er lagt til grunn ei vidareføring av dagens driftsnivå i 2016 og i planperioden

Ann Elin Høgset  
Einingsleiar

## Barnevern

### Økonomiske rammer Barnevern

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Barnevern	2 275 065	1 760 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000

Midsund kommune kjøper tjeneste av Molde kommune. Ny avtale vart utforma hausten 2015. Auke kjem som konsekvens av tiltak og auke administrasjon.

Ketil Ugelvik  
Einingsleiar



## TEKNISK

Til teknisk ligg administrasjon, reguleringsplanar på land og sjø, konsesjon for fiskeoppdrett, byggjesaksbehandling, kart og deling, bustadføremål, kommunalt vedlikehald, vassverk, avløp, nokon av kaiene, renovasjon, slambehandling, brann –og feiing, oljevern, kommunale vegar og veglys, landbruk, skogbruk, viltforvalting og interkommunale planar innafor områda.

### Mål og oppgåver

- god service og informasjon internt og eksternt
- utføre nødvendig prioritert vedlikehald på bygg og anlegg
- interkommunalt samarbeid der det er formålstenleg
- betre kommunikasjonar
- vere ein aktiv tilretteleggar og medspelar for næringslivet
- vere bevigst på miljøvern
- sikre ei berekraftig landbruks -og viltforvalting

BEMANNING	2014	2015	2016
Tal på tilsette	38	39	39
Tal på årsverk	15,4	15,9	15,9
I tillegg kjem vakter			

### Økonomiske rammer

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Teknisk adm og fellesutgifter	908 976	1 383 854	1 497 000	1 497 000	1 497 000	1 497 000
Eigedomsforvaltning	10 507 911	11 219 883	11 258 000	11 258 000	11 258 000	11 258 000
Kommunale utleigebustader	-1 435 958	-1 089 071	-1 118 000	-1 118 000	-1 118 000	-1 118 000
Oppmåling, byggesak og planarbeid	193 313	206 028	276 000	276 000	276 000	276 000
Brann- og oljevern	2 322 695	2 189 076	2 485 000	2 485 000	2 485 000	2 485 000
Kommunale vegar, samferdsel	2 486 509	2 081 712	2 050 000	2 050 000	2 050 000	2 050 000
Landbruk og viltforvaltning	306 995	327 721	330 000	330 000	330 000	330 000
<b>TOTALT</b>	<b>15 290 440</b>	<b>16 319 203</b>	<b>16 778 000</b>	<b>16 778 000</b>	<b>16 778 000</b>	<b>16 778 000</b>

### Endringar i driftsramme for 2016 og i planperioden – dei viktigaste og største.

#### Felles for alle hovudansvar

- På artsnivå er det små justeringar i budsjett for at det skal stemme betre med rekneskapen.

#### Teknisk adm. og vedlikehald

- Ingen endring

#### Eigedomsforvaltning

- Biblioteket kjem inn frå 06/2015, med ei auke på kr. 77.000,-. Korleis denne posten går i hop med rekneskaper er ein ikkje heilt sikker på. Arealauke frå 100 m<sup>2</sup> til ca. 400 m<sup>2</sup>. Ramma til teknisk var ikkje større.

#### Kommunale utleigebustader

- Ingen endringa



## Oppmåling, byggesak og planarbeid

- Ingen aktivitet vedk. planarbeid er lagt inn i 2016.
- Har lagt inn ein inntektsreduksjon for minkande aktivitet i byggjebransjen.

## Brann- og oljevern

- Ingen endring er lagt inn, berre vidareføring av 2015 budsjettet.
- DSB/Politidirektoratet/helsedepartementet har laget en felles instruks for PLIVO – pågående livstruende vold, opplæring blir i 2015 og 2016.
- Opplæring: manglar minst kr. 60 000,- i budsjetttramme til å stette krav til opplæring - brev frå brannsjefen vedk. opplæring av mannskap, lovbestemt, brev av 2013 og 2015.
- I 2016 blir det stilsett ny brannmester som også treg opplæring.
- Opplæring er ein kontinuerleg prosess framover.

Korleis skal Midsund brann og redning takle krava til opplæring for å ta vare på pålagt HMS ?

## Kommunale vegar, samferdsel

- På dette hovudansvaret er dei ei underbudsjettering på ca. kr. 250.000,- Noko av dette tek ein inn på standardhevinga på veg og veglys som er utført i 2014 og 2015. Kvart år går dette hovudansvaret med overforbruk.

## Landbruk og viltforvaltning

- Vidareføring av 2015 budsjettet.

## Konklusjon.

Som vanleg er det eit stramt budsjett som krev at alt går på skinner utan uforutsette hendingar. Konsekvensen av budsjettet blir at Teknisk blir mykje meir kritisk til kva som skal utførast, spesielt ting som ikkje er direkte underlagt eininga, samt der ein kan redusere kostnadane. Størst problem er det innan brann og kommunale vegar.

Inge Rakvåg  
Einingsleiar



<b>proj</b>	<b>Kommentarar til Investeringsprosjekta Teknisk hovudansvar 400 - 460</b>	<b>Kommentar</b>
194	Gjerde Nord Heggdal - kapell	Nytt gjerde frå port syd og forbi ny hovudport.
19x	Øtrøy kyrkje/Nord Heggdal kapell - vindu/dør	Enøk vindu og / ny hovuddør
19x	Otrøy kyrkje - kjøkken	Nytt kjøkken i gamle bårehuset i kjellaren
401	Felles vedlikehald - anleggsmaskiner mv	Plentraktor og bytte traktor ( 2002 modell)
403	Felles vedlikehald - bilar	Bytte ut gamle bilar
410	Bustadfelt - tilrettelegging	Tilrettelegging bustadfelt (politisk sak). Eiga sak ved behov
422	Midsund barnehage - inngjerding	Sluttføring av nytt gjerde mot aust når gangvegen er bygd.
425	Helsesenterer	Ferdig 2015
430	Administrasjonsbygg	Under arbeid
431	Midsund skule - Bibliotek	Ferdig 2015
433	Utbygging av ballbinge/uteområde	Ferdig 2015
432	Sikker og trygg av-/påstigning Midsund skule	P-plass sør og avfallslager ferdig 2015. Opparbeiding P - plass nord gjenstår
434	Midsund barnehage - fallunderlag	Ferdig 2015
435	Midsund skule - oppgradering	Midsund skule - vidareføring av oppgradering, utan rentekompensasjon
43x	Uteområde Raknes Skule	Nytt kunstgras og oppgradering uteområde
43x	Gjerde Barnehage vognlager	Vognlager er i dag 16 m <sup>2</sup> , som blir lager. Nytt frittståande garasje 50 m <sup>2</sup> aust på tomta.
440	Digitale kart	Post til å dekke opp nye oppgraderinger av kart i Geovekst-samarbeidet og Romsdalskart. Oppgradering av kartprogram og kartbasar.
450	Brannvesenet - Utstyr	Nytt utstyr (etter utrangering).
451	Brannvesenet - Nødnett	Her veit vi ikkje kva som kjem. Nødnett i Romsdal startar utbygging i 2014, i drift veke 11 i 2015. Innkjøp av personsøkjarar
45x	Redningsbil	Bytte redningsbil.
45x	Ambulansehelikopter landingsplass	Ambulansehelikopter landingsplass på Bøenmarkane. Eiga sak.
471	Opprusting rundt senteret	Må sjåast i samanheng med Administrasjonsbygg
472	Veg N. Heggdal kapell	Stort sett ferdig. Gjenstår litt reklamasjon
473	Komm vegar - Ny Sjøslettebru	ROS - analyse: viser at gjennomløpet er for trøngt dersom demninga på Midsundvatnet får problem. Finansierast av veg og vatn. NVE er godkjenningsorgan.
474	Komm veg - Standardheving (Asfaltering)	Asfaltering - Røbergvegen, Postvegen, P - plass ved Midsund barnehage
477	Tomt/grunn Midsund sentrum Midsund Marina	Sluttoppgjør makebytte.
479	Gangveg Bøen	Bygging av gangveg og P - plass ved Midsund barnehage
481	Gangveg Industrivegen	Bygging av gangveg Industrivegen. Eiga sak for utforming.
499	Veglys	Rest 2015 skal brukast på nye veglys Røbergvegen
482	Adressering av bygg	Rest 2015 blir å overføre til 2016
490	Komm kaier - kai Sundsbøen	Oppgradering ambulansekiaia
49x	Kommunale vegar - Magerøymoloen	Plastring av skapp molo/veg til Magerøya. Usikker på omfang og beløp
49x	Breivikbekken	Oppdimmersjonere Breivikbekken, spleiselag med grunneigarar i området.
499	Utbettingstiltak _Mids. Skule_ 2014 og 2015 ( jf 418,419,475,483)	Avslutta med rest frå 2015
499	Utbettingstiltak _omsorg_ 2014 og 2015 ( jf 418,419,475,483)	Vidareføring av oppgradering av omsorgsbyggja. Utvendigarbeid.
499	Utbettingstiltak_ veg _ 2014 og 2015 ( jf 418,419,475,483)	Avslutta med oppgradering av Røbergvegen med rest frå 2015



## VAR – vatn, avløp, renovasjon, slamtømming og feiing

### Mål og oppgåver:

- sikre forsvarleg, tilstrekkeleg og god kvalitet på vatn, avløp, slam og renovasjon, og feiing for innbyggjarane i kommunen.

### Økonomiske rammer :

	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Utgifter:	7 686 423	8 820 497	7 841 000	7 841 000	7 841 000	7 841 000
Inntekter:	-7 768 147	-9 047 799	-7 961 000	-7 961 000	-7 961 000	-7 961 000
<b>Total:</b>	<b>-81 724</b>	<b>-227 302</b>	<b>-120 000</b>	<b>-120 000</b>	<b>-120 000</b>	<b>-120 000</b>

### Endringar i driftsramme for 2016 og i planperioden

#### Vatn:

- Overtatt Rakvåg vassverk frå 01.01.15
- Det er store investeringar i perioden .
- Kontinuerleg ordne opp på områder der ein rehabiliterer eller legg avløpsledningane. Nokre flyttingar av ledningar må ein pårekne ved husbygging.
- Vedlikehald av gamle kummar er også ei prioritert oppgåve som kjem til å gå føre seg i fleire år framover.
- Fondet er pr. 01.12.14 på kr. 662.000,-.
- Gebyret som gebyrvedtaket.

#### Avløp:

- Innfor avløp har Midsund kommune store kostnadars med å rydde opp i strandsona der det ikkje er slamavskillar. Dei største og første er Bøen, Rakvåg, og Drønnesundvågen.
- Arbeider med Bøen.
- Investeringstempoet avgjer kor stort gebyret skal bli sidan dette er sjølvkost.
- Innimellom kjem det kostnadars for å opparbeide nye utbyggingsområde.
- Fondet er pr. 01.12.14 på kr. 353.000-.
- Gebyret som gebyrvedtaket.

#### Renovasjon:

- Skyldig Midsund kommune kr. 186.000,-
- Gebyret som gebyrvedtaket.

#### Slamtømming:

- Fondet er pr. 01.12.14 på kr. 160.000,-.
- Gebyret som gebyrvedtaket.

#### Feiing:

- Skyldig Midsund kommune kr. 34.000,-
- Gebyret som gebyrvedtaket.



## Planlagde investeringar vatn og avløp

### Kommentarar til investeringsbudsjettet for VAR

	Kommentarar til Investeringsprosjekta	Kommentar
<b>proj</b>	<b>Teknisk howudansvar 500 -540</b>	<b>Kommentar</b>
	<b>Vatn</b>	
500	Komm vatn - Midsund Vassverk	Generell
501	Midsund vassverk - Rensehus	Nytt vassbehandlingsanlegg i Midsund.
502	Planverk	Utarbeide planverk
503	Samanbinding Midsund - Rakvåg	Sambinding frå Ugelvik til Bygdheim
50x	Høgdebasseng Rakvåg	Høgdebasseng/magasin - Rakvåg
50x	Nye kummer	Oppgradere gamle kummar
50x	Høgdebasseng Midøya	Høgdebasseng/magasin - Midøy
	<b>Avløp</b>	
523	Komm avløp - Bøen og Brokvika	Kople saman Bøen og Brokvika til nytt utslepp med slamavskiljar. Ferdig i byrjinga av 2016
525	Komm avløp - Midsund avløp	Generell
52x	Drønjasund avløp	Slamavskillar
527	Slamavsikllar Torsvik	Under arbeid
528	Pumpestasjon Midsundfjøra	Kjem med utbygginga
<b>970</b>	<b>Kjøp og sal aveigedom/tomter</b>	

Inge Rakvåg  
Einingsleiar



## VEDLEGG 1:



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2015/403-3  
Arkiv: 150  
Saksbeh: Ketil Ugelvik  
Dato: 10.11.2015

**Saksframlegg**

### Budsjett 2016 - Økonomiplan 2016-2019

Utvalsak	Utvål	Møtedato
15/19	Oppvekst- og kulturutval	11.12.2015
15/23	Helse- og omsorgsutval	26.11.2015
15/20	Elderrådet	11.12.2015
15/12	Rådet for funksjonshemma	11.12.2015
15/6	Ungdomsrådet	11.12.2015
15/78	Formannskapet	30.11.2015
15/100	Kommunestyret	17.12.2015

### Forslag til vedtak:

Rådmannen legg fram for formannskapet ei balansert skisse til budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016 - 2019.

### Behandling i Oppvekst- og kulturutval - 11.12.2015

Det vart lagt fram forslag til tilleggspunkt i forslag til vedtak:

1. Midsund slekt og historielag får eit årleg tilskot på kr 20 000,-, finansiert gjennom ubundne fondsmidlar. Dette for å gjere drift og synleggjering enklare for laget.
2. Midsund kommune set av plass i det nye kommunehuset for visning av Midsund slekt og historielag si samling. Dette for at alle får innsyn i historiesamlinga som laget innehar.

### Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 11.12.2015

Rådmannen si skisse til budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016-2019 vert teke til orientering, med ti tileggspunkt:

1. Midsund slekt og historielag får eit årleg tilskot på kr 20 000,-, finansiert gjennom ubundne fondsmidlar. Dette for å gjere drift og synleggjering enklare for laget.
2. Midsund kommune set av plass i det nye kommunehuset for visning av Midsund slekt og historielag si samling. Dette for at alle får innsyn i historiesamlinga som laget innehar



## **Behandling i Helse- og omsorgsutval - 26.11.2015**

Helse og omsorgsutvalet kjem med forslag til vedtak i forhold til investeringsbudsjettet 2016.  
« Auke punkt 32x i budsjettkjema 2B investeringar med kr 250 000,- i 2016»

Begrunnelse: Behov for investeringar i inventar til venterom på legekontoret, kontormøblar til heimebasert omsorg, sjukeheimen og møterom sjukeheimen, samt behandlingsrom på legekontoret.

## **Vedtak i Helse- og omsorgsutval - 26.11.2015**

Rådmannen si skisse til budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016 – 2019 vert tatt til vitande, med ei auke i punkt 32x i budsjettkjema 2B investeringar med kr 250 000,- i 2016.

## **Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 11.12.2015**

Eldrerådet tek Rådmannen si balanserte skisse til budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016 – 2019 til orientering.

## **Behandling i Rådet for funksjonshemma - 11.12.2015**

Rådet for funksjonshemma ber om at fylgjande protokollførast; Noko må gjerast snart, innan 2016, i forhold til ambulansekaia ved Sundsbøen eller i forhold til beredskapsferge.

## **Vedtak i Rådet for funksjonshemma - 11.12.2015**

Rådet for funksjonshemma tek Rådmannen si orientering til budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016 – 2019 til vitande.

## **Behandling i Formannskapet - 30.11.2015**

Rådmann, økonomisjef og teknisk sjef orienterte.

Formannskapet la fram forslag til vedtak:

1. *Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 i samsvar med framlegg frå formannskapet.*
2. *Budsjettet er bindande for drifta i kommunen.*
3. *Til finansiering av investeringar tek Midsund kommune opp 11.994.000,- kroner i lån til finansiering av budsjetterte investeringar i 2016.*
4. *Midsund kommune søker Husbanken om 3 million kroner i lån til Startlån.*
5. *Samla budsjetterte overføringer til Midsund sokn i 2016 på tilskot og tenesteyting kjem på 1.690.000,-*



## Samrøystes vedtak i Formannskapet - 30.11.2015

1. Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 i samsvar med framlegg frå formannskapet.
2. Budsjettet er bindande for drifta i kommunen.
3. Til finansiering av investeringar tek Midsund kommune opp 11.994.000,- kroner i lån til finansiering av budsjetterte investeringar i 2016.
4. Midsund kommune søker Husbanken om 3 million kroner i lån til Startlån.
5. Samla budsjetterte overføringer til Midsund sokn i 2016 på tilskot og tenesteyting kjem på 1.690.000,-

## Behandling i Kommunestyret - 17.12.2015

Arbeiderpartiet la fram forslag:

*Post 32x blir auka med kr 85.000,- for investering i møblar til kontorer på sjukeheimen/heimetenester, møterom og oppholdsrom.*

## Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

1. Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 i samsvar med framlegg frå formannskapet.
2. Budsjettet er bindande for drifta i kommunen.
3. Til finansiering av investeringar tek Midsund kommune opp 11.994.000,- kroner i lån til finansiering av budsjetterte investeringar i 2016.
4. Midsund kommune søker Husbanken om 3 million kroner i lån til Startlån.
5. Samla budsjetterte overføringer til Midsund sokn i 2016 på tilskot og tenesteyting kjem på 1.690.000,-
6. Post 32x blir auka med kr 85.000,- for investering i møblar til kontorer på sjukeheimen/heimetenester, møterom og oppholdsrom.

## Saksutgreiing:

Kommunestyret skal vedta budsjettet etter innstilling frå formannskapet, jf kommunelova §§ 44 og 45. Til grunn for denne innstillinga ligg rådmannen si skisse til budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016-2019.

Rådmannen legg fram skisse til årsbudsjett og økonomiplan i balanse. I økonomiplanen har ein lagt inn låg rente i heile planperioden. I 2016 kan ein ikkje rekne med at det vert innsparing/mindreforbruk på finansområdet. Vidare har ein lagt inn 1,7 millionar kroner i ekstraordinært skjønn i heile planperioden – dette med bakgrunn i store utgifter til butenesta.

Denne hausten har vi gjennomført arbeidsmøte med utvida formannskap og einingane har jobba med budsjettet i fleire omgongar.

## Vurdering:

I økonomiplanperioden har ein ikkje teke omsyn til varsle endringar/omlegging i inntektssystemet. Forslag til nytt inntektssystem kjem på høyring i desember. Regjeringa har varsle at det nye systemet skal byggje opp under ny kommunestruktur – det er lite som tyder på at dette vil bli ei omlegging til fordel for kommunar som Midsund. Arbeidet med kommunereformen har kravd mykje og vil vere ei krevjande oppgåve fram mot dei vedtaka som skal fattast i juni 2016. Det vidare arbeidet med reformen vil også leggje beslag på store ressursar.

Midsund har gjort strukturelle grep spesielt innan oppvekstområdet og rådmannen har vanskars med å sjå nye slike tiltak som kan gi innsparinger og økonomiske gevinstar. Med alle dei nye krav og forventningane som sentrale styresmakter stiller, er rådmannen redd for at vi ikkje greier å oppfylle desse krava på ein god nok måte.

I 2016-budsjettet er det innarbeida ø-hjelpstilbod frå 01.01.2016 – dette er ein del av Samhandlingsreformen. Vidare er det innarbeid relativt stor auke i utgiftene til barnevern. Vi slit med å oppfylle og etterkome styresmaktene sine krav og forventningar innan styrking av skulehelsetenesta og tilbodet innan rus/psykiatri.

Budsjettet er særstammt og skjørt. Her er det mange ønskje og behov som ikkje blir innfridd – sjølv om dei fleste ønskja er rettkomne og nødvendige. Det er utfordrande for ein liten kommune som Midsund å etterleve og oppfylle krava til ein generalistkommune (kommunen skal løyse at alle oppgåvane sjølv). Tronge rammer og mangel på fagfolk fører til tung arbeidsbelastning for mange. Ein og same person må ofte dekkje mange fagfelt og sårbarheita blir stor. Rådmannen stiller spørsmål med om dette er ei berekraftig utvikling.

Dei siste åra har vi prøvd å byggje opp driftsfond og i skrivande stund er fondet på 4,6 million kroner. Bufferen, på 2 million kroner, som vi har lagt inn i kvart årsbudsjett har blitt brukt og i mange tilfelle har desse utgiftene ført til høgding av driftsutgiftene.

I økonomiplanperioden foreslår rådmannen å redusere denne bufferen til 1,7 million i 2017, 1,6 million i 2018 og 1,5 million kroner i 2019.

Midsund har gjennomført nokre større investeringar dei siste åra. I framlegget for 2016 ligg det inne utgifter til oppføring av nytt administrasjonsbygg, samt investeringar på VA-området.

Budsjettet er så skjørt og stramt at det vert særstammt utfordrande å etterleve og effektuere for heile kommuneorganisasjonen. Det vil vere stort behov for fleksibilitet og nytenking. Nye tiltak må grundig analyserast og vurderast før dei vert realisert. Vidare må vi fortsatt ha sterkt fokus på god økonomistyring.

Ketil Ugelvik

Rådmann



Midsund kommune

